

DØMER PÅ KLIMAARBEID I KOMMUNAR VESTLAND

Vestland fylkeskommune ynskjer å gjere det enklare for kommunar i Vestland å finne fram til gode dømer på tiltak for klimatilpassing og utsleppsreduksjon. Derfor ynskjer vi å samle desse på heimesida vår, til inspirasjon for andre kommunar i og utanfor fylket. Har din kommune satt i verk tiltak de er stolte av, som andre kan ha nytte av å sjå? Har de arbeida med klimatilpassingstiltak som også reduserer klimagassar eller er positivt for naturmangfald?

Bruk eit skjema per tiltak ved innsending.

*NB. Bilete sendast som vedlegg i same mail som dette skjemaet til
ingeborg.klokkersund.djupevag@vlfk.no*

Tittel på tiltak:

Førebygging av utmarksbrann mot kommunesenter og bustadområde i Austrheim kommune

Tiltaket er relevant for kategoriene (kan vere fleire):

Klimatilpassing

Utsleppsreduksjon

Naturmangfald

Kva for eit tiltak er dette?

Fjerning av skog/kratt i kommunesenteret og mot større bustadfelt.

Rydding av eldre lyngheier og kulturlandskap

Korleis starta de opp arbeidet med tiltaket? (kan vere nyttig for andre kommunar)

Laga ein plan for å førebygga utmarksbrann. Rapport 2018

Fjerna kratt/sitka/brakje/bartre omkring kommunesenteret og ved større bustadfelt i 2021

Planlagt oppstart av beiting med norsk kystgeit i ryddeområda i 2022 (intensjonsavtale på plass mellom kommune og geitebønder)

Kvífor har de satt i gang tiltaket?

Førebyggja utmarksbrann mot bustadområde og mot viktig infrastruktur og omkring offentlege bygg/institusjonar som skule, sjukeheim, omsorgsbustadar/butikkar og kommunehus med meir.

Korleis er arbeidet med tiltaket forankra?

Politisk forankra gjennom vedtak i kommunestyret i Austrheim kommune 2021. Økonomisk løyving i kommunestyret 2021. God dialog med grunneigarar og administrasjonen i kommunen om ryddearbeid på privat og kommunal grunn.

Kva resultat forventar de av tiltaket?

Få redusert brannfaren kraftig omkring kommunesenteret/bustadområde. Få eit trivelegare og opnare landskap. Meir sol og utsikt for innbyggjarane våre. Ta vare på kulturlandskap framover som har vore i ein attgroingsfase lenge. Få inn beitedyr som produserer mat og trivsel og som fjernar småkrattet og tek tilbake kulturlandskapet. Folk får oppleva husdyr på nært hald i kommunesenteret i 2022.

Intensjonsavtale om beiting er for 2022 skrive mellom Austrheim kommune og geitebønder.

Læra opp nye generasjonar om landbruk, landskapspleie og klimatilpassing/tiltak som me saman må gjera for å redusera ein auka brannfare framover.

Har de nokon erfaringar med tiltaket så langt?

Folk er svært positive til eit opnare landskap der dei bur og oppheld seg.

Folk føler seg tryggare mot utmarksbrann.

Kva er nyttig å vite for kommunar som vil gjere liknande tiltak?

Lag ein plan for førebygging/reduksjon av brannfare i kommunen din. Dette omkring bustadfelt/skular/sjukeheimar/senterfunksjonar og andre viktige samfunnsformål.

Setja i gang praktiske tiltak/handling etter planen er laga med praktisk rydding/trefelling av kvalifiserte folk/føretak.

Setja i gang fortløpende beiting/skjøtsel av dei rydda områda etter at dette hogst- og kratt arbeidet er gjort. Elles gror områda veldig fort att.

Kontaktperson for tiltaket: kommune, namn og e-post (visast på heimesida til fylkeskommunen saman med tiltaket)

Austrheim kommune. Asbjørn Nagell Toft. asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Spørsmål kan rettast på e-post til ingeborg.klokkersund.djupevåg@vlfk.no